

# Reglar for kommunale tilskot i landbruket



## **KAP. I      FØREMÅL**

- § 1      Føremålet er å oppfylle kommunen sine til ei kvar tid gjeldande næringspolitiske målsetjingar slik desse er uttrykt i kommuneplan, og økonomiplan. Føremålet er vidare å sikra busettinga i kommunen og eksisterande arbeidsplassar i Åseral og byggja ut nye.

## **KAP. II    KRAV TIL BRUKA, EIGARANE M. V.**

- § 2.1     Dei bruka som får produksjonstilskot kan få kommunalt tilskot til tiltak i jordbruket. Skogeigedommar på over 100 dekar produktiv skog kan få tilskot til tiltak i skogbruket.
- § 2.2     Kommunale tilskot skal i hovudsak gjevast til personar som er busett i Åseral.
- § 2.3     Tilskot til bygging av driftsbygningar kan berre gjevast til eigaren av gardsbruket.

## **KAP. III   GENERELLE REGLAR**

- § 3.1     Det er kommunestyret sin intensjon at ein i samband med den årlege budsjetthandsaminga vil setja av ein pott til tilskot innafor landbruket. Midla vert stilt til rådvelde for Hovudutvalet for drift og utvikling som har ansvaret for gjennomføringa av ordninga.
- Ved kvart vedtak om økonomisk støtte frå kommunen blir det utarbeidd eit løyvingsbrev. I dette skal generelle og spesielle føresetnader for vedtaket gå fram. Løyvingsbrevet inneholder òg ei erklæring om at støttemottakar er kjent med føresetnadane for vedtaket og at han vil oppfylle desse. Løyvingsbrevet skal signerast av søkeren og returnerast til kommunen før vedtaket er gyldig.
- Det er ikkje høve til å gjera bindande vedtak om disponering av evt. midlar på neste års budsjett.
- Søknader om tilskot blir handsama to gonger kvart år, søknadsfrist 15.03 og 15.09. Søknader som har blitt handsama to gonger utan å bli prioritert er å rekna som avslått.

- § 3.2     Søknad med naudsynte plan-/byggjeteikningar, kostnadsoverslag, budsjett og evt. driftsplan skal sendast Avd. for Drift og Utvikling. Administrasjonen avgjer kva som er naudsynt dokumentasjon for at politikarane skal ha eit tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag.



- § 3.3 For å stimulera til nabosamarbeid kan fellestiltak få auka tilskotssats. Der ein vurderer det slik at fellestiltak gjev den beste løysinga kan tilskotssatsen aukast til 10% i forhold til når det berre er ein søker.
- § 3.4 Arbeidsfristen er løvvingsåret pluss ytterlegare 3 år.
- § 3.5 Tilskot kan utbetalast når arbeidet etter godkjend plan er ferdig. Dersom det er ynskjeleg, kan ein få utbetalte tilsvarande så langt som ein er kome i arbeidet. Inntil 80% av tilskotet kan utbetalast før ferdiggodkjenning. Eige arbeid kan medrekna.
- § 3.6 Arbeidet kan settast i gang når søknaden er sendt. Dette skjer på eige ansvar og får ikkje innverknad på handsaminga av søknaden.

## KAP. IV TILSKOTSFOMER OG STØTTENIVÅ

### § 4.1 Tilskot til driftsbygningar

Det vert berre gitt tilskot til prosjekt som vert prioritert av Innovasjon Norge.

Det kan gjevast tilskot til investeringar i bygningar for produksjon. Det gis ikkje tilskot til bygningar med rein lagerfunksjon.

Tilskot kan løvvast til nybygg/tilbygg/ombygging til annan produksjon/oppgradering for meir effektiv drift for følgjande bygningar:

- Husdyrrom med tilhøyrande forlager og gjødsellager
- Silo og høytørke
- Utbetring av siloar og gjødselkjellarar
- Veksthus
- Driftsbygningar for attåtnæring, t.d. gardssalg, bigard m.v.

Tilskot til planlegging av enøk-tiltak i bygg gis med inntil 50% av tilskotsgrunnlaget. I eksisterande bygg gis det tilskot til enøk-kostnader med inntil 40% av tilskotsgrunnlaget.

Bygningar finansiert gjennom Innovasjon Norge vert gjeven tilskot med 50% av det tilskotet som Innovasjon Norge gjev.

Nybygging eller ombygging til lausdrift på mjølkebruk som blir finansiert gjennom Innovasjon Norge vert gjeven tilskot med 25% av godkjent kalkyle, og om to eller fleire driftar slår seg saman til ei felles drift vil det bli gitt tilskot på 30% av godkjent kalkyle. Vi har forventningar til at



landbruket i Åseral jobbar aktivt for at bøndene ser nytten av klimakalkulatoren og har fokus på klimautslepp og at alle etter kvart tar denne i bruk. Ved bruk av massiv tre, laft, sleppluft eller bindingsverk i kombinasjon med takstolar, buar, åsar eller andre takløysingar i tre gis ytterlegare 5% støtte.

#### § 4.2 Tilskot til fulldyrking

Til nydyrking kan det gjevast tilskot med inntil 20% av godkjent kostnadsoverslag. Tilskotet er avgrensa oppad til kr. 2.000,- per dekar.

#### § 4.3 Tilskot til jordbruksvegar, skogsbilvegar og traktorvegar

Det kan gjevast tilskot med 20% av vegkostnad. Kvalitetskravet til vegane er det same som for statstilskot. Det er eit vilkår at det blir lagt til rette for allmenn og organisert ferdsel i friluftssamanheng, t.d. ved merking. Det må likevel ikkje vere til hinder for drifta. Dette gjeld ikkje motorisert ferdsel.

#### § 4.4 Tilskot til skogkulturarbeid

Det vert gjeve tilskot med 20% av kostnadene etter dei reglar som til ei kvar tid gjeld for tilskot frå staten.

#### § 4.5 Tilskot til kompetanseheving

Det kan gjevast tilskot med inntil 20% av godkjende kostnader. Følgjande kostnader kan takast med i tilskotsgrunnlaget:

- Kursavgift
- Utgifter til opphold i samband med kurs

Det gis ikkje støtte til kompetanseheving som blir gjort som følgje av offentlege pålegg. I tillegg må det kompetansehevande tiltaket tilføre ny relevant kompetanse for å vidareutvikle drifta.

#### § 4.6 Føresetnaden for å få tilskot

- Driftsbygningar: søker investerer kr. 250.000 eller meir.
- Tilskot til nydyrking: søker investerer kr. 100.000 eller meir.
- Landbruksvegar: søker investerer kr. 200.000 eller meir.
- Enøk-tiltak: kostnaden til planlegging er kr. 10.000 eller meir.



- Enøk-tiltak i eksisterande bygg: søker har investert kr. 25.000 eller meir.
- Nybygging eller ombygging til lausdrift på mjølkebruk: søker investerer kr. 250.000 eller meir. Vi har forventningar til at landbruket i Åseral jobbar aktivt for at bøndene ser nytten av klimakalkulatoren og har fokus på klimautslepp og at alle etter kvart tar denne i bruk. Ved bruk av Ved bruk av massiv tre, laft, sleppluft eller bindingsverk i kombinasjon med takstolar, buar, åsar eller andre takløysingar i tre må søker leggja ved dokumentasjon på dette.

For tilskot til skogkulturarbeid er det ikkje beløpsgrense.

<b>§ 4.7</b>	Om støtte frå andre offentlege finansieringskjelder gjer at den samla offentlege støtta kjem over 50%, skal kommunen si støtte automatisk reduserast tilsvarende. Det gjeld ikkje for skogkulturarbeid og nybygging eller ombygging til lausdrift på mjølkebruk.
--------------	--

## **KAP. V UNNATAK OG KLAGE**

### **§ 5.1 Unnatak**

HDU kan gjera unnatak frå regelverket når dei ynskjer det. Eit slikt unnatak må vera grunngjeven.

### **§ 5.2 Klage**

Klage på vedtaket, og handsaming av slik klage, skal fylgja reglane i Lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltingssaker (Forvaltningsloven).

## **KAP. VI OM UTFYLLING OG ENDRING AV REGLANE**

### **§ 6 HDU kan, når dei finn det naudsynt, gjera framlegg om endringar i regelverket. KST fattar avgjerd.**

## **KAP. VII IVERKSETJING**

### **§ 7 Desse reglane avløyser reglar vedteke i kommunestyret 17.03.2016. Reglane trer i kraft straks.**

